Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr. Lk 36

Emne: Helsing, fakter og åtferd

Oppskr. av: Aksel Andersen

(adresse): Ådalsbruk

Fylke: Hedmark

Herad: Løten

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Måtar å refsa folk på.

A. Ved ymse høve.

1.

Å „holmslå" ein slåttekar som ikkje kom unna i skårgang, har det vore tale på. Men døme kan ikkje nemnast, og andre måtar hugoar ikkje folk lenger

2.

Heilt ukjent er måten å reisa stokkar langs veggen og ved døra til karar som har vore ute på usømeleg ferd.

3.

Likeins med dømet frå Nord-Noreg.

B. Ved å setja namn på folk.

4.

Det er vel kjent og enno teke umsyn til at ein ikkje skal gå ut på gjesting 1. juledag. Men noko namn på den som gjer det, er det ingen som har høyrt. Men han åtte i alle fall ikkje folkeskikk.

5.

Den som ikkje fekk eit nytt plagg til jul, skulle setja på stabben. Elles gjekk folk med det ureinaste dei hadde, fyre jul. Det

7886

kalla dei å gå „julltroll".

6. Andre klatt-namn har ikkje kome fram etter dei spursmåla som er gjorde her og der i bygda.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7886